



Notat om økologisk sau med fokus på velferd og bygningskrav.



Avtalepartane vart i jordbruksoppgjeret 2006 samde om å etablere eit informasjons- og veiledningsprogram for å auke produksjonen av økologisk sau og lam i Norge. Dette vart gjort m.a. fordi det norske sauehaldet er mykje lik den økologiske driftsforma. Sauehaldet er i stor grad beite- og utmarksbasert og mange av lamma som vert levert har berre vore inne i ein fjøs nokre få levedagar. Søyene er derimot innandørs i vinterhalvåret, og i økologisk landbruk skal dyrevelferda i heile produksjonen og ikkje kun produktet (lammet) være i fokus. Det er difor sett eigne krav til bygningar for økologiske sauer. I det norske regelverket er skilnaden på bygningskrava for økologisk og konvensjonell sau arealkravet.

Det blir frå 01.01.2011 krav om 1,5 kvadratmeter bingearreal pr vinterfora sau og 0,35 kvadratmeter pr lam ved økologisk drift. Dette gir dei økologiske sauene eit større inneareal enn konvensjonelle sauer som normalt har tilgang på 0,8 – 1,0 kvadratmeter pr vintefôra sau (I tallefjøs er vanleg areal pr sau 1,5 kvadrat i begge driftsformene).

Ein auke i arealet frå 1 kvadrat til 1,5 kvadrat utgjør ein vesentleg skilnad, både når ein ser på tettheten av dyra i bingen og når ein ser på byggekostnad. I eit fjøs for 200 vf sau vil det vere snakk om 200 i forhold til 300 kvadrat bingearreal! Dett gir m.a. også betre forhold i lemninga.

Det blir også gjennomført ein årleg fysisk inspeksjon på alle Debiogodkjende sauebruk. Der blir også dei bygningsmessige forholda gjennomgått både mht areal, og korleis det enkelte fjøs fungerer i praksis.

Det aktuelle bingeararealet kan vera som ein kombinasjon av inne- og uteareal. Dersom utearealet skal godkjennast som del av bingeararealet må dette ha tak og tilstrekkeleg ly for ver og vind slik at dyra i praksis kan nytte arealet i alle værtypar. Meir bingearreal pr dyr er eit kostbart tiltak for mange produsentar. Forsøk viser at auka bingearreal for sau har positiv effekt på helse og velferd. Forsøk gjort på Universitet for miljø og biovitenskap, MB har m.a. vist at auka areal gir auka liggetid, færre fortrengingar og fleire dyr som ligg samtidig. (Bøe et.al 2006)

I Norge er økologisk sau unntatt kravet om tilgang til tett liggeunderlag. Det vil sei at strekkmetall eller anna drenerande golv kan brukast i heile bingen. Dyra skal likevel ha tilgang til ein tørr og

trekkfri liggeplass. Det er også krav om at små lam skal ha tilgang til tett liggeunderlag med tilfresstillande varmetekniske eigenskapar. (Veileder B 4.11.3 og Forskrift om velferd for småfe - sjå linkar).

Dei to viktigaste argumenta for at Norske myndigheter har gitt unntak frå krav om tett liggeareal er:

- Dei strukturelle forholda i store deler av landet med stor grad av overflatedyrka og varig eng med lange avstandar til kornareal og tilgang til strømateriale. I desse regionane er i hovudsak sauefjøsa bygd med drenerande golvtypar som t.d. strekkmetall eller trerimmar. Dette gjev tørre og reine sauer i inneføringstida og god oppsamling av sauegjødsel i ei form som kan nyttast på dei marginale engareala som i svært liten grad er pløybare.
- I forsøk på UMB (Gry Færevik, Knut Egil Bøe et.al. i 2005) viste sauer med ullfell større preferanse for å ligge på strekkmetall framfor fast underlag som talle eller treballar. Berre i perioden som nyklipte viste sauene større preferanse for fast liggeareal med varmeisolerande eigenskapar.

Lufting av sauen i inneføringsperioden?

Det har vore diskutert om ein for å kompensera for mangel på fast liggeunderlag bør kreve lufting av sau på fast basis i inneføringstida. I EU forordninga sine generelle bestemmelsar er det krav om at alle dyr i utgangspunktet skal luftast. I Forskrift om velferd for småfe. kapittel 5 Beitebruk, § 24. Mosjon, uteområde og klima står følgjande: *"Småfe skal når forholdene ligger til rette for det gis adgang til uteområder også utenom ordinær beitesesong"*. Rådgivinga tilrår også generelt lufting av sau i inneføringstida når det ligg til rette for det.

På landsbasis har 33 % av sauebruka luftegard (pers.medd. Stubsjøen 23.06.10). Det er truleg store regionale skilnader, sidan klima og topografi i stor grad spelar inn. Ein luftegard krev fyrst og fremst tilgang til eigna areal ved fjøset, og at det vert investert ressursar i opparbeiding og vedlikehald. I område med mykje nedbør og kupert terreng kan dette i praksis vere ein utfordring.

Skal Norge gi unntak for fast liggeareal?

Praktiske erfaringar blant saueprodusentar støttar resultata i forsøka til Gry Færevik et.al. som viser at sauer med ullfell trives med å ligge på drenerande underlag. Ullfellen fungerer som godt liggeunderlag og som varmeisolasjon så lenge denne er tørr og rein. På drenerande golv er ullfellen lett å halde tørr og rein. I praksis kan løysingar med gummimatter eller treballar eller for dårleg strødd talle i større grad kunne gi skitne og våte ullfellar og mindre trivelege dyr dersom ikkje røktar legg ned tilstrekkeleg ressursar i måking /strø. Strekkmetall gir også ein god klauvslitasje.

Ein velfungerande talle gir rein ullfell, og bidrar positivt til dyrevelferd på mange fleire område enn kun liggekomfort. Sauene opplever jevnlig utdeling av halm som miljøberikande, og underlaget sikrar tørt, tett og trekkfritt miljø for spelam.

Men det er også eit faktum at halm kan bidra til auka støvbelastning i husdyrrommet og særleg halm som ikkje har vore tørr nok ved pakking kan bidra til at muggsopp blir spreidd og belastar luftvegane til sauer og røktar. Det er altså både positive og negative sider ved bruk av talle, og røktar sin kunnskap og praksis er også vesentleg for dyrevelferd i praksis.

Eit påbod om talle vil utvildsamt medføre ei rask avskalling av økologisk godkjende sauebruk i dei delene av landet som ikkje har kornproduksjon.

I dagane når sauene er nyklipte vil dei kunne oppleve varmetap. Dette vil særleg kunna skje i uisolerte fjøs og når klippinga føregår ved låge temperaturar. For å unngå slike situasjonar kan ein tilpasse klippetidspunkt til vær/årstid. Varmen som blir produsert ved forbrenning av fôr held kroppstemperaturen oppe. Auka tildeling av fôr til nyklipte sauer vil gi sauene meir energi til varmeproduksjon. Dyr vil som nyklipte også legge seg tettare saman for å oppnå betre temperatur. I korte periodar er det også muleg å legge inn midlertidig varmeisolering i underlaget i form av fiberduk, halm eller andre liggematter.

Under lemminga kan trakkskader på lam og spenar skje i større grad på strekkmetall enn på talle. Med auka arealkrav i økologiske besetningar vil likevel trakkskadeproblematikken bli redusert. Trakkskader vil dessutan kunne skje like hyppig dersom det faste underlaget føreligg som treballar.

Nyfødde lam skal ha tett liggeunderlag med gode varmetekniske eigenskapar. Både gjennom Veileder B og i Forskrift om velferd for småfe, er det krav om at lam skal ha tilgang til tett liggeunderlag med tilfredsstillande varmetekniske eigenskapar. Lemmingsperioden er arbeidsintensiv både i fjøs med talle og i fjøs med strekkmetall. God organisering av arealbruken og god planlegging både mtp hygiene og varmeforholda til lamma er då sentralt for å sikre lamma tørr, rein og trekkfri liggeplass. Lamma tilbringer normalt frå 3 dagar til 3 veker innandørs i levetida si. Når lamma går inne meir enn 2-3 dagar, blir det i tillegg til tett underlag også viktig å legge godt til rette med lammegøymer.

Forsøk på sauer sin preferanse for liggeplass viser også at sauer oftast vel å ligge inn til ein vegg framfor midt i ein bingje (Madsen og Wood Gush, 1986).

Kompetanse er ein viktig faktor for å sikre dyrevelferd

Røkter sin kunnskap og praksis er også vesentleg for dyrevelferd i praksis.

Forskrift om velferd for småfe kapittel 2 § 5 set krav til at den som har ansvar for dyrehaldet har tilstrekkeleg kompetanse om driftsforma og om dyra sine behov. Det er også utvikla eit eige kursopplegg som står i forhold til dette kompetansekravet. I følgje Synnøve Vatn i Animalia har mange i næringa alt delteke på kurset gjennom BSF og det er kome positive tilbakemeldingar på opplegget. Kurset er pr i dag likevel ikkje blitt obligatorisk.

Litteratur:

Bøe, K.E., Berg, S., Andersen, I.L., 2006. Resting behaviour and displacements in ewes - effects of reduced lying space and pen shape. *Appl. Anim. Behav. Sci.* 98, 249-259.

Færevik, G., Andersen, I.L., Bøe, K.E., 2005. Preference of sheep for different types of pen flooring. *Appl. Anim. Behav. Sci.* 90, 265-276.

Marsden, M.D., Wood-Gush, D.G.M., 1986. The use of space by group housed sheep. *Appl. Anim. Behav. Sci.* 15, 178.

Stubsjøen, S., epost "bruk av luftegård nasjonalt" til Dyrevernalliansen 23. Juni 2010.

Linkar:

Forskrift om velferd for småfe:

<http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20050218-0160.html>

Debio sin Veileder B:

<http://www.debio.no/downloads.cfm?path=2,41>